

**SVAR PÅ GRUNNGITT SPØRSMÅL FRÅ REPRESENTANTEN ØYVIND ODDEKALV (AP)**  
**I MELAND KOMMUNESTYRE 17.06.2015**

Først vil eg takke representanten for spørsmålet. Det er viktig at næringslivet i Meland føler seg velkommen av innbyggjarane og det politiske miljøet, og difor er det i seg sjølv viktig at sentrale spørsmål om næringslivet sine kår blir reist i kommunestyret.

Eg vil minne kommunestyret om at vi i samfunnsdelen til kommuneplanen har vedtatt at Meland skal vere ein av dei mest attraktive næringskommunane i Hordaland. Det forpliktar oss alle.

Nesten dagleg les vi i avisene om nedbemanning i næringslivet, bedrifter som flaggar ut og om ei gryande pessimisme i næringslivet. I denne situasjonen – i dette biletet – ønskjer altså Frank Mohn Flatøy AS å satse vidare på Flatøy, og å byggja ut for å vere best mogleg rusta til å møte morgondagen og dei komande ti-åra. Det er svært gledeleg og viktig.

Eg deler alle dei vurderingane som kjem fram i det grunngitte spørsmålet frå Ap, og skal ikkje gjenta dei.

**Men eg vil presisere følgjande:**

Etter mi mening er det inga tvil om at tiltaket Frank Mohn Flatøy har søkt om er i tråd med gjeldande kommuneplan, vedtatt reguleringsplan og i samsvar med forslag til ny kommuneplan, som vi har vedtatt i dag.

Det er heller ingen tvil om at det er politisk fleirtal for tiltaket i kommunen. Folkevalde i Meland har vedtatt eit plangrunnlag som samla sett utan tvil opnar for tiltaket.

Det er også grunnen for at eg som ordførar har engasjert meg sterkt i saka for å finna ei løysing, og det vil eg også fortsetje med.

Representanten Oddekalv har stilt fire konkrete spørsmål. Eg vil gje eit samla svar på dei.

For det første meiner eg at fylkesmannen ikkje har tatt omsyn til det kommunale sjølvstyret i denne saka. Det er i seg sjølv alvorleg. Ekstra alvorlig blir det når fylkesmannen i si behandling av saka heller ikkje har vurdert dei moglege dramatiske samfunnsmessige konsekvensane av sitt vedtak. Eg vil streke under følgjande:

Det er viktig for Meland, Hordaland og nasjonen Norge at Frank Mohn Flatøy AS forsett produserer og har utviklingsmulighetar på Flatøy - i Norge.

Difor arbeider eg etter to spor i denne saka. Eit spor er mot Fylkesmannen i Hordaland.

Det er avtalt møte med Fylkesmannen neste onsdag, der dette er tema.

Parallelt har eg arbeidd og arbeider fortsatt med eit alternativt spor – nemleg mot regjeringa.

Det er slik at regjeringa v. kommunaldepartementet har heimel til å gjere om fylkesmannen sitt vedtak.

Utfallet av møtet med Fylkesmannen i Hordaland vil gi svar på om det blir nødvendig å gå det sporet fullt ut. Men – dersom blir nødvendig, vil eg sende ei grunngitt oppmoding til kommunaldepartementet om omgjering av Fylkesmannen i Hordaland sitt vedtak i denne viktige saka.

Nils Marton Aadland  
Ordførar

Saksid.: 14/458 K-møte 17.6.-15

## Kommunestyresak 58/2015

## Kommuneplan, arealdel

### Endringsframlegg frå KrF

1. Grav og urnelund GU1 vert flytta til sørvestsida av FV 244, i tråd med gjeldande reguleringsplan.
2. B6 Bustadområde/ fortetting Frekhaug vert tatt ut av planen.
3. B10 Holme vert redusert i tråd med framlegg frå administrasjonen til formannskapet 10.02.15.
4. Område N8 Fløksand i tidlegare utgåve av planen, vert gjort om til bustadområde.
5. Omsynssone landbruk (H510) vert tatt inn att i området Langeland – Mjåtveit - Sagstad.
6. Grønstruktur GR mellom B9 og sjø vert utvida i tråd med framlegg frå administrasjonen til formannskapet 10.02.15.